



- eit fyrtårn i vest

Evaluering av Straumemila

(KDP Straume 2006-2018)



Dokumentet skildrar intensjonen bak Straumemila og viser kva delar av traseen som er realiserte og kva delar som ikkje er realiserte, i planperioden 2006–2018. I tillegg er det gjort ei kort og overordna evaluering av Straumemila.

1. Innleiing

Dette dokumentet er meint for å skildra kva delar av Straumemila i KDP Straume som er realisert og kva som ikkje er realisert, i tillegg til å gje ei overordna evaluering av korleis plangrepet «Straumemila» har fungert. Evalueringa avsluttar med ei tilråding for vidare arbeid.

Gjennom kommunen si planstrategi, vedteken 23. mai 2024, vart arbeidet med Straume satt på agendaen igjen, og kommunen er no i gang med å etablera oppdaterte strategiar for utviklinga av Straume. I dette arbeidet har det vore naturleg å gå inn i kvifor det ikkje blei jobba vidare med Straumemila slik som tenkt gjennom vedtak i plan. Samstundes er det på eit overordna nivå gjort eit analysearbeid av dei ulike traséane som ligg i Straumemila for å kunne vurdera av om desse skal verte videreført for Straume eller ikkje.

2. Kva er Straumemila?

I arbeid med KDP Straume 2006-2018 er Straumemila planlagt som eit samanhengande nett av gang- og sykkelvegar som skal binde saman statkvalitetar, gjera dei meir tilgjengelege og styrka Straume sin identitet som stad.

Det er ein hovudtrase, og fleire kortare trasear:

1. *Straumemila*: Hovudtraseen koplar heile planområdet saman.
2. *Sentrumsstraseen*: Løypa sør for riksvegen bind saman senterområdet med dei nye bustadområda og idrettsparken/ungdomsskulen.
3. *Foldnestraseen*: Løypa bind saman fleire bustadområde nord for riksvegen internt og med senteret på sørsida av riksvegen.
4. *Hurtigruta*: For dei som ønskjer å ta seg raskt fram, koplar ein gang- og sykkelveg langs Foldnesvegen saman alle dei viktige institusjonane på Straume.
5. Nettverket: Ved å binde saman løypene oppstår ei rekke mindre løyper.

3. Vedtak i KDP Straume

Kommunedelplanen for Straume vart vedteken i kommunestyret den 30.03.2006. I vedtaket ligg det eit punkt som gjeld vidareutvikling av gang- og sykkeltraséen Straumemila. Vedtaket seier at det skulle komma ei eiga sak for arbeidet med Straumemila, og det lyder som følgjer: 2. «*Det vert utarbeida eit program for utvikling av gang og sykkelvegen Straumemila med tilgrensande friområde med sikte på detaljplanlegging, prosjektering og opparbeiding i samsvar med pkt 3.10 i føreseggnene. Det vert fremma eiga sak for kommunestyret om organisering av arbeidet, framdriftsplan og ressursbruk.*» I saka for KDP vart det poengert at det må vera ei prioritert oppgåve å få regulert areal for ei meir detaljert arealavklaring og gjennomføring av Straumemila. Med bakgrunn i tid og ressursar vart ikkje ei eiga sak for utarbeiding av eit program for Straumemila følgd opp i åra etter, noko som er årsaka til at Straumemila ikkje er eit arbeid som er velkjend og innarbeidd på folkemunne hjå innbyggjarane i kommunen.

4. Evaluering av KDP

I 2018 fekk Asplan Viak eit oppdrag med å evaluera kommunedelplanen. Evalueringa peiker på Straumemila som eit viktig element ved vurdering av måloppnåinga i planen. Straumemila som

heilskap er ikkje realisert som eit samanhengande nett av gang- og sykkelveg. Delar av traséen er gjennomført, men det er stort sett utbetringar i områdar det låg samband frå før. Traséen er sikra i ei rekke planar, men i områder kor den skulle liggja over privat eigedom har den i liten grad blitt realisert.


5. Analyse og evaluering av dei ulike traseane:

Det er gjennomført eit overordna analysearbeid av dei ulike traseane med registrering i kart. Fargane viser som følgjer:

- Rød line: Vanskeleg å få til opparbeiding (kan t.d. vera som følgje av høgdar i terren, eigedomsforhold etc.).
- Blå line: Område kor det er mogleg å få til opparbeiding, men krev større tiltak/inngrep.
- Rosa line: Område kor det er mogleg å få til opparbeiding, men krev enkle tiltak.
- Grøn line: Område som er opparbeidd. Det vil ikkje seia gang- og sykkelvegstandard, men det er på eit vis mogleg å gå langs traséen i form av ein sti eller liknande.

Skildring av «Hovudtraseen» frå KDP Straume: Hovudtraseen koplar saman heile planområdet.

Løypa kan brukast av dei som bur på Straume, men vil også vere ei flott turløype for turistar og andre besøkjande. Traseen synleggjer sjøsida til Straume, og ein kan tenkja seg opparbeiding av stoppestader langs løypa, til dømes offentlege badeplassar, fiskestader og utsiktspunkt.



Status på trasseen:

(Kva er gjennomført og kva er ikkje gjennomført?)

Hovudtraséen strekk seg frå Geitevikja i sør til Grunnavågen i nord. Grovt rekna er kanskje 50 % av traséen mogleg å gå eller sykla langs. Langs vestsida med Straumsosen er det stort sett mogleg å bevega seg langs traséen, med unntak av nokre strekk kor det anten ikkje er mogleg å gå eller sykla pga. svært bratt terreng eller at grunnen er i privat eige.

Austsida av hovudtraseen har eit større område markert med blått som indikerer at det ikkje er opparbeidd. Her vil det krevja relativt store tiltak (økonomisk investering), men samstundes er det enklare å få til enn opparbeidning av traséen langs det brattare terrenget på vestsida. Gjennom etablering av Sotrasambandet vil det komma ein gangbru over riksveg 555. Via trafoområdet til BKK og Statnett er det mogleg å gå langs ein veg eit stykke før ein må gå i terrenget for å komma over til området ved Foldnes kyrkje.




Figur 1 Gangbru frå Stekervika til nordsida av Skjærgardsvegen, regulert i Sotrasambandet. Brua er under opparbeidning.


Alt i alt er det ein god del av løypa som ikkje er opparbeidd, sjølv om det på fleire område er mogleg å ta seg fram både som gåande og med sykkel.

Skildring av «Sentrumstraséen» frå KDP:

Løypa sør for riksvegen bind saman senterområdet med dei nye bustadområda og idrettsparken/ungdomsskulen. Særleg viktig er det at løypa knytt senteret til sjøen. Store deler av løypa går langs eksisterande veg. Langs nokre strekk må ein vurdere eige felt for gang- og sykkelveg av omsyn til tryggleik.



Figur 2 Sentrumstraseén slik den var planlagt



Figur 3 Grøn linje viser kor det er mogleg å gå i dag.

Status på traséen:

(Kva er gjennomført og kva er ikkje gjennomført?)

I dag er det mogleg å gå og sykla langs store delar av *Sentrumstraseen*. I søre delen av traséen markert med blått (i registreningskartet) er det ikkje mogleg å ta seg fram i dag grunna store høgdeskilnader i terrenget.




Figur 4 Viser høgdeskilnaden i terrenget. Straume sør (Smålonane)

Det blå markerte strekket (i registreringskartet) ved Straumsfjellet er heller ikkje opparbeidd, men det finst i dag andre moglege vegar å gå mot same målpunkt.


Sentrumstraseen går ned til Straume Sjøfront via Bildøyvegen eller via Straumsallmenningen (byromsstrategien i KDP). Det har skjedd mykje i dette området sidan planoppstart av KDP Straume (2006), men området og Straumsallmenningen er ikkje ferdigutvikla i sin heilskap. I 2023 vart bustadprosjektet Bakkan som ligg i Bildøybakken ført opp, og det vart opna opp ei kopling opp mot Gjertrudvegen. Koplinga er svært bratt, men det er ein effektiv snarveg i retning Sartor senter. Straumsallmenningen er med denne koplinga komen eit steg nærmare ferdigstilling. Det manglar ein kopling i Gjertrudvegen og opp bustadprosjektet Kysthagen som ligg like bak Sartorparken.

Skildring av «Foldnestraséen» frå KDP:

Løypa bind saman fleire bustadområde nord for riksvegen internt og med senteret på sørsida av riksvegen. I tillegg kryssar løypa Straumssundet og koplar skulesenteret på Bildøyna betre til Straume.



Figur 5 Foldnestraseen slik den blei planlagd



Figur 6 Registrering av Foldnestraseen

Status på trasseen:

(Kva er gjennomført og kva er ikkje gjennomført?)

I Straume sentrum er det mogleg å komma seg rundt både til fots og med sykkel, men på fleire stadar langs denne traséen er det ikkje mogleg å ta seg fram av ulike orsakar. Mellom anna er det ikkje mogleg å gå over austre del av Skjærgårdsvegen i dag. I planane for Sotrasambandet (SBB) ligg det

som nemnd tidlegare inne ein overgang med bru i dette området. Denne vil bli ferdig opparbeidd i 2027.

Ettersom Stovevatnet vert fylt att som følgje av Sotrasambandet, blir arealet kring tomta heilt annullert og traseen slik den er teikna er ikkje mogleg å realisera, men det vil bli mogleg å komma seg frå nord til sør via gangbrua.

På Bildøy er ikkje traséen realisert, men delar av den vil bli etablert gjennom Sotrasambandet. Arbeidet med denne er i gong, og det vert mogleg å gå frå riksvegen til skuleområdet når gangvegen er ferdigstilt.

Nordover mot Foldnes er det eit strekke ved Skipsdalen som ikkje er opparbeidd. Her er området alt for bratt til å kunne bli ein trasé for gåande og syklande. På austsida ved Skiftedalsvatnet er det eit godt stykke som ikkje er opparbeidd, men det ville kravd mindre tiltak for å kunne blitt realisert. Terrenget her er ikkje så utfordrande som i vest.


Skildring av «Hurtigruta» frå KDP:

For dei som ønskjer å ta seg raskt fram, koplar ein gang- og sykkelvegen langs Foldnesvegen saman alle dei viktige institusjonane på Straume. I sør startar løypa ved ungdomsskulen og idrettsanlegget. Løypa går så via senteret, rådhuset, Røde Kors senteret, Foldnes Skule og Foldnes Kyrkje. I nord vert traseen avkutta ved Grunnavågsvatnet. I begge endar kan løypa forlengast utanfor planområdet.

Status på traseen:

(Kva er gjennomført og kva er ikkje gjennomført?)

Hurtigruta er ikkje analysert på lik line med dei andre traseane fordi den går i ei allereie opparbeidd gang- og sykkelveg eller fortau.



Skildring av «Nettverket» frå KDP: Ved å binde saman løypene oppstår ei rekke mindre løyper. Desse vil til dømes vere ideelle for joggeturar på morgonkvisten, og ettermiddagsturar med minstemann som enno ligg i barnevogn. Som det går fram av illustrasjonen dekkjer dei nye løypene stort sett heile planområdet.

Status på traseen:

(Kva er gjennomført og kva er ikkje gjennomført?)

Sidan nettverket er ein samanstilling av alle traséane er delar av den opparbeidd, og nokre områdar er ikkje realisert eller mogleg å gjennomføra.



Figur 7 Nettverket slik det vart planlagd

6.Oppsummering og tilråding til vidare arbeid:

Etter at KDP Straume vart vedteken skulle Straumemila følgjast opp med ei eiga sak for vidare arbeid med organisering, framdrift og ressursbruk. Dette vart ikkje følgd opp med bakgrunn i prioritering av ressursar og arbeidet vart dermed stoppa opp. Sidan har åra gått og arbeidet har aldri vore følgd opp.

Det har vore gode intensjonar med å kopla Straumemila mot stadtakvitetar og binda viktige målpunkt saman. Det har skjedd store endringar på Straume sidan oppstart av KDP i 2006 og dersom Straumemila skulle blitt vidareført som konsept måtte traséane ha blitt tilpassa etter dagens sentrumsutvikling og nye målpunkt. Det kjem nytt byggeland på det som tidlegare var Stovevatnet, og som følgje av Sotrasambandet og store arealendringar i sentrum er det nye forutsetningar for sentrumsutviklinga.

Gjennom arbeidet med Sotrasambandet vil det komma mange nye gang- og sykkelvegar med høg standard spesielt i sentrum, der gang- og sykkelvegssystemet vil liggja på eit anna nivå enn bilvegane. Nye målpunkt er etablert og fleire vil komma i dette nye sentrumsområde nord for dagens Sartor senter.

Slik vi i dag forstår arbeidet med Straumemila så har det vore ein intensjon at det skal vera ein gang- og sykkeltrasé, men at det ikkje skal vera gang- og sykkelvegstandard alle stader. Gjennom arbeidet med analysering av alle løypene har vi sett at det ikkje har vore mogleg å etablera alle område som ei samanhengande løype for gåande og syklende t.d. pga. utfordringar med høgdeskilnader i terrenget.

«Nettverket» viser alle traséane samla. Eit slikt nettverk viser at det er mange målpunkt og moglege traséar i sentrumsområdet. Fleire har det blitt med åra, og i paralleloppdraget frå 2023 kom det fram moglege koplingar i aust/vest retning som kan knyta sentrum meir mot sjøen. Desse koplingane bør få eit høgt fokus i sentrumsplanlegginga då intensjonen med Straumemila også var å knyta sentrum meir mot sjøen. Dei siste åra har det også kome fleire nye møteplassar og områder som er eigna for barn- og unge, i tråd med intensjonen i byromsstrategien i KDP Straume. Ei synleggjering av desse koplingane er viktig både for dei som bur i sentrum, men også for besøkjande.

Sjølv om intensjonen med traséane har vore å binda målpunkt saman, så er det på nokre område litt vanskeleg å forstå kvifor akkurat desse traseane er tenkt som viktige koplingar, og at desse er noko brukarane skulle få eit tilhøve til. Nokre områder er svært bratte og dersom opparbeiding skulle vore aktuelt så ville det ha kravd store inngrep. I dag er det såpass mange område det er mogleg å gå utan å gjera store naturinngrep og fleire områder er mogleg å gå eller sykle i som følgje av tråkk opparbeidd over lang tid.

Alle område kan ikkje bli universelt tilgjengelege, men universell utforming må få eit fokus ved planlegging av koplingar og møteplassar på Straume. Vi er ein aldrande befolkning og det er viktig at vi tek omsyn til det, samtidig som nokre område bør vera tilgjengelege slik dei er med stiar som er opparbeidd over tid via dyr- og mennesketråkk. Universell tilgjenge er positivt for alle brukargruppar og ikkje berre for dei som har nedsett funksjonsevne. Låge tersklar, god belysning og gode ledeline er mellom anna viktige grep å ha med seg når vi planlegg nye koplingar og stader.

Å styre folk inn på nye bestemte traséar når vi i dag har oppnådd eit større nettverk av stiar og koplingar som menneske uansett nyttar, er kanskje ikkje føremålstøyting, men å visualisera aktivitetar og kor det er mogleg å gå og sykla for å ta seg fram til desse kan vera meir nyttig. I Straumeområdet er kanskje ikkje alle traseane det viktigaste, men målpunkta og aktivitetane ein kan nå fram til. Målpunkta kan også vera stiar, rekreasjonsområde, blågrøne område, badeplassar, friområde, leikeplassar etc. Desse bør vera synleg og lett tilgjengeleg for folk å finna på eit oversiktskart eller liknande. Dette vil kunne bidra til at fleire kan samlast og at dei gode møteplassane vi har i dag og dei som kjem, skal bli nytta av flest mogleg menneske. Ei framstilling av målpunkta med bilete og tekst



kunne vore eit godt utgangspunkt for vidare arbeid, både som ein informasjonsplakat til innbyggjarane og som eit dokument dei kan forhalda seg til og byggja kjennskap til over tid.